

Interessent/ organisasjon

Norheimsund, 08.05.2020

Dykkar ref:

Prosjekt: Detaljregulering Lid Jarnindustri, Kvam herad

Vår ref: 2652

Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for gnr. 20 bnr. 51 m.fl. Lid Jarnindustri i Steinsdalen, Kvam herad - PlanID 4622 20200004

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 vert det kunngjort oppstart av regulering for gnr. 20 bnr. 51 m.fl. Lid Jarnindustri i Steinsdalen, Kvam herad. Geoplan AS skal, på oppdrag for tiltakshavar, Lid Jarnindustri AS, utarbeide detaljreguleringsplan for området.

Målet med reguleringa er å sikre utvidingsmoglegheit for Lid Jarnindustri AS. Planområdet er på ca. 29 daa. Innanfor planområdet ligg heile det eksisterande næringsområde til Lid Jarnindustri AS (N44 i kommuneplanen) som er utbygd. Planområdet tek vidare med areal for å utvide næringsområdet mot aust (SAMN1 i kommuneplanen) og i vest (LNF i kommuneplanen). Det er plan om å etablere eit lager på austsida av industribygget. I vest ynskjer ein å utvide område med 10 x 87 meter inn på gbnr. 20/2. Ein planlegg å flytte vegen på denne sida inn i dette arealet, for å kunne utnytte området som no er veg, til produksjonslokale. 0,26 daa av området i aust har omsynssone landbruk i kommuneplanen. Ein kan erstatte dette landbruksarealet i aust, innafor SAMN1- området. Kommunedelplan for rassikring i Tokagjelet er under arbeid, og har vist alternativ løysing for tunnelinnslag på Steine/Lid. SAMN1- området (kombinert samferdsleanlegg og næring) er areal låst til samferdsleanlegg fram til vald løysing for tunnelinnslag på fv. 49. Det skal regulerast tilkomst og busstopp på nordsida av den kommunale vegen, kv. 1031. Planarbeidet samsvarar i det vesentlege med gjeldande plangrunnlag. Unnataket er den mindre delen mot vest og at vegløyning for Tokagjelet truleg må vera nærare ei avklaring før ein kan seia at samferdselsføremålet i kommuneplanen ikkje er aktuelt. Plankonsulent og heradet vurderer planen til å ikkje utløyse krav om planprogram jf. PBL §4-1 og konsekvensutgreiing jf. PBL § 4-2.

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagt kartskisse (side 2 av dette dokumentet). Referat og aktuelle dokument frå oppstartsmøte er å finne på Geoplan AS si heimeside www.geoplan.no.

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 14.06.20.

Innspel som kan ha innverknad på, eller vera av interesse for planarbeidet, skal sendast til Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; post@geoplan.no. Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt inn til Kvam herad for handsaming.

Med venleg helsing
Ingeborg Steine Jensen
Byggingeniør

